

## KOMMUNEDELPLAN FOR OPPVEKST 2014 – 26.

### Handlingsplan for 2014 – 18:

Utifrå det som er utarbeidd i kommunedelplanen for oppvekst er det laga følgjande handlingsplan. Handlingsplanen tar for seg saker som gjennom arbeidet med planen har peika seg ut som område ein må arbeida vidare med. Handlingsplanen skal vera eit arbeidsverktøy for prioritering og utføring. Planen skal rullerast årleg, reviderast kvar 4.år og forankrast i kommunen sin gjeldande økonomiplan. I høve til oppfølging av aktuelle saker er det fastsett ein tidsperiode, der det vidare er skissert bakgrunn for saka, tiltak, ansvar, resultatmål og økonomi. Handlingsplanen er tydeleg og konkret, slik at den gjev ei god oversikt i det vidare arbeidet med oppfølginga av dei saker som føreligg.

Pkt.1	HEILSKAP OG IDENTITET FOR BARN OG UNGE GJENNOM SAMARBEID OG SAMHANDLING
BAKGRUNN	Barnehage og skule skal gje eit likeverdig tilbod i alle tre oppvekstområda.
TILTAK	Gjensidig forpliktande samarbeid mellom barnehage og skule i kvart oppvekstområde. Felles styrar- og rektormøte ein gong i halvåret. Kulturskulerektor er med ved behov. Sammøte mellom rektorar, kulturskulerektor og idrettsskulen om samkøying av tilbodet når planlegging av skuleåret tek til. Barnehage og skule har forpliktande årshjul for det formelle samarbeidet med foreldra. Eit aktivt oppvekststeam i kvart oppvekstområde Forpliktande samarbeid mellom skule og barnehage om tidleg tiltak SFO, kultur- og idrettsskule har faste møtepunkt med foreldre.  <b>Evaluering: Dette er i god gjenge.</b>
TIDSPERIODE	2014-18
ANSVAR	Rektorar, styrarar, kulturskulerektor, rådgjevar
RESULTATMÅL	<b>Tidleg tiltak</b> er på plass i alle oppvekstområda frå skule- og barnehageåret 2014-15. Årshjul for alle førskuletiltak. Barn i barnehage og skule har eit likeverdig tilbod.
ØKONOMI	Midlar til frikjøp av pedagogiske leiarar og kontaktlærar i 1. klasse til samarbeid ligg inne i budsjettet.
Pkt. 2 MASFJORDEN KOMMUNE HAR GODE, TRYGGE LÆRINGSMILJØ MED HØG TRIVSEL	
BAKGRUNN	Barna har krav på eit mobbefritt oppvekstmiljø. I barnehage og skule, kultur- og idrettsskule og frivillig arbeid treng ein trygge og tydelege vaksne og engasjerte foreldre. Barn og unge har krav på gode bygningar og tilpassa uteområde.
TILTAK	Oppfølging av «Heilskapleg plan for eit godt læringsmiljø».

	<p>Tilbod om foreldrekurs, t.d. «De utrolige åra» frå 0 år.  Vidareføring av «Zippys venner» på småskulesteget og nytta det på mellomsteget når det er ferdig utvikla for dette steget.  Vidareføring av MOT for ungdomsteget  Få til meir samarbeid mellom elevane på skulane våre  Vidareføring av sertifikatordninga for våre ungdomar  Få på plass ungdomsråd i Masfjorden  Arbeida for å halda på to vidaregåande skular i Nordhordland</p> <p>Evaluering: Ny §9A i Opplæringslova set endå meir fokus på den plikta kvar tilsett har til å reagere når ein får kjennskap til eller mistanke om mobbing.  Heilskapleg plan er eit levande dokument.  «De utrolige årene» er sett i gang i to barnehagar, den tredje kjem med i år. Kostnaden med innføring vart større enn rekna med.  UngData prosjektet seier noko om korleis elevane våre har det på skulen, jfr. orientering til kommunestyret.  Ungdomsråd er vedteke oppretta.  Nordbygda skule er ikkje godkjend etter Forskrift om miljøretta helsevern.</p>
Tidsperiode	2014-18
ANSVAR	Rådmann, rektorar, styrarar, kontaktlærarar, helsesøster og leiarar.
RESULTATMÅL	Barnehagar og skular er mobbefrie. Konflikstar blir gripne tak i og løyste snarast råd. Bygningar og uteområde stettar krava i «Forskrift om miljøretta helsevern». Vaktmeisterteneste i kvart oppvekstområde
ØKONOMI	Investeringar i bygningar og anlegg må inn i økonomiplanen. Må setjast av midlar i årsbudsjettet
Pkt. 3 MASFJORDEN HAR HØG KVALITET I OPPLÆRINGA	
BAKGRUNN	Me treng ein kompetanseplan og ein strategi for rekruttering.
TILTAK	<p>Utarbeida kompetanseutviklingsplan for tilsette innan oppvekst og kultur.  Satsa på kombinerte stillingar mellom skule og barnehage og kultur- og idrettsskule  Satsa meir på fådeltpedagogikk  Utarbeida strategi for rekruttering til skule og barnehage</p> <p>Evaluering: Det vert årleg laga ein kompetanseutviklingsplan for skule og barnehage. Midlar sette av til kompetanseheving kvart år.  Kommunestyret vedtek planen. Masfjorden har hatt god nytte av den statlege vidareutdanninga for lærarar.  Det er vanskeleg å fornya IKT-utstyr i det tempo som er ønskjeleg med dei midlane som er avsette i årsbudsjetta.</p>
TIDSPERIODE	2015-16

ANSVAR	Rådmann, rådgjevar og leiarar
RESULTATMÅL	<p>Personalet i oppvekst har høg fagleg kompetanse i fag og leiing av arbeidet i klassar og grupper.</p> <p>Når elevane forlet grunnskulen er dei godt rusta for å gjennomføra vidaregåande utdanning og til å bli aktive samfunnsborgarar</p> <p>Kommunen gjev høve til vidare- og etterutdanning slik at barnehage og skule har tilstrekkeleg kompetanse i høve gjeldande krav.</p>
ØKONOMI	Må setjast av midlar i årsbudsjettet kvart år
Pkt. 4 BARN OG UNGE I MASFJORDEN OPPLEVER MEISTRING OG UTVIKLING GJENNOM EI TILPASSA OPPLÆRING	
BAKGRUNN	<p>Alle barn har rett på tilpassa opplæring.</p> <p>Me treng spesialpedagogisk kompetanse i alle oppvekstområda.</p> <p>Barn med særlege behov vert fanga opp og får hjelp tidleg</p>
TILTAK	<p>Sikra at PPT vert brukt slik at me har rett kompetanse på rett plass til rett tid</p> <p>Sikra at ped.leiar og kontaktlærer får tid til leiing og å samordna arbeidet for det einskilde barnet.</p> <p><b>Evaluering: Ped.leiar har gjennom kommunalt vedtak fått utvida tid til planlegging, herunder samarbeid med skule.</b></p>
TIDSPERIODE	2015-16
ANSVAR	Rådmann, rektorar, styrarar
RESULTATMÅL	<p>Spesialpedagogisk kompetanse i kvart oppvekstområde</p> <p>Auka kompetanse i skule og barnehage</p> <p>Alle barn har fått eit tilpassa tilbod gjennom barnehage og grunnskule</p> <p>Styrking av PPT</p>
ØKONOMI	Det må setjast av planleggingstid for kontaktlærer og pedagogisk leiar
Pkt. 5 MASFJORDEN KOMMUNE LEGG TIL RETTE FOR FYSISK AKTIVITET OG STIMULERER TIL KULTURELL KREATIVITET OG MANGFALD BLANT BARN OG UNGE	
BAKGRUNN	Barn og unge treng eit fysisk og sosialt miljø som stimulerer til aktivitet og læring, kulturell kreativitet og mangfald.
TILTAK	<p>Samarbeid mellom skule, barnehage, kulturskule, frivillige lag, bibliotek og andre for å stimulera kulturell kreativitet og mangfald</p> <p>Sørgja for at barn og unge har eit fysisk miljø som stimulerer til aktivitet og læring</p> <p>Felles bading for førskulegruppa i barnehagane</p> <p>Elevane skal kunna symja etter 4. klasse</p> <p>Utedag i skule og barnehage</p> <p>Leirskule</p> <p>Halda fram med satsinga på «Ungt entreprenørskap».</p> <p>Vurdera form og organisering av idrettsskulen</p> <p>Bruka metoden : Læring gjennom fysisk aktivitet</p> <p><b>Evaluering: Dei tre siste tiltaka er ikkje gjennomført fullt ut. Dei andre tiltak vert oppfølgt kvar år. Statleg tilskot dekkar noko av utgiftene til</b></p>

	skyss til bading for førskulegruppa.
TIDSPERIODE	2014-18
ANSVAR	Rådgjevar, styrarar, rektorar, leiarar i frivillige lag
RESULTATMÅL	Barn som har ein aldersadekvat motorisk dugleik og som sjølve vel å vera fysisk aktive Sikra stabile vaksne ressursar
ØKONOMI	Investera i vedlikehald av anlegg

**Pkt. 6 MASFJORDEN KOMMUNE LEGG VEKT PÅ TVERRFAGLEG SAMARBEID OG SAMORDNING AV PLANAR FOR Å OPPNÅ KVALITET OG EFFEKTIV RESSURSBRUK**

BAKGRUNN	Treng gode samhandlingsrutinar og møteplassar.
TILTAK	Sikra at oppvekstteam, leiarsamlingar og felles styrar- og rektormøte vert brukte effektivt Felles planleggingsdagar for skulane og barnehagane Plangruppene møtest to gonger årleg på tvers av skulane Sikra kvalitet i IOP og IP gjennom bruk av SAMPRO  Evaluering: Pkt 1 og 2 er godt i gang. Er ikkje komne vidare med tiltak 3 og 4.
TIDSPERIODE	2015-16
ANSVAR	Rektorar/styrarar/rådgjevar
RESULTATMÅL	Felles styrar- og rektormøte to gonger i året. Tiltaka viser i skulane og barnehagane sine planar. Felles strategiar og målsetjingar i utviklingsarbeidet SAMPRO vert brukt
ØKONOMI	Fører ikkje med seg økonomiske krav

**Pkt. 7 SKULESTRUKTUR OG LEIARRESSURSAR**

	<p>Oppretthalda 3 oppvekstområde i planperioden, Matre, Sandnes og Nordbygda, alle med heildagsbarnehage og 1-10-skule. Dersom foreldre og elevar ved ungdomsskulane ynskjer å slå seg saman, kan det opnast for dette i planperioden.</p> <p>Evaluering: Skulestrukturen ligg så langt fast. Det har det siste året kome tydelege signal frå elevar og foreldre om at dei ønskjer <u>ein</u> ungdomsskule i kommunen. Både sosialt og økonomisk vil det vera ein fordel. Innsparingane er dokumentert i samband med kommunedelplan for oppvekst frå 2014 og rekna over att våren 2018. I kommunestyremøtet 21.09.2017 spurde elevane på Nordbygda skule om samanslåing av ungdomssteget på Sandnes og Nordbygda. I protokollen frå møtet står det slik: «Ordførar sa at ein vedtok ein skulebruksplan for ca 3 år sidan der ein ikkje skulle slå saman ungdomsskulane. Han har og fått med seg at det i ettertid har kome sterke signal om å slå saman ungdomsskulane på Sandnes og Nordbygda både frå foreldre og elevar. Rådmannen får i oppdrag å sjå på dette på nytt.»</p>
--	--

Kommunestyret lyt seia frå om rådmannen òg skal starta arbeidet med ein ungdomsskule i kommunen.

Ein har henta inn røynsler frå Gulen sin måte å organisera oppvekst på. Der har ein barnehage og skule under sams leing i kvar krins. Kommunestyret må seia frå om ein skal utgreia denne modellen nærare her hos oss.